

Norsk Geografisk Tidsskrift - Norwegian Journal of Geography

ISSN: (Print) (Online) Journal homepage: <https://www.tandfonline.com/loi/sgeo20>

Kontinuitet eller brot? Geografi i grunnskulen etter 'fagfornyinga' 2020

Per Jarle Sætre

To cite this article: Per Jarle Sætre (2021) Kontinuitet eller brot? Geografi i grunnskulen etter 'fagfornyinga' 2020, Norsk Geografisk Tidsskrift - Norwegian Journal of Geography, 75:2, 114-121, DOI: [10.1080/00291951.2021.1884595](https://doi.org/10.1080/00291951.2021.1884595)

To link to this article: <https://doi.org/10.1080/00291951.2021.1884595>



© 2021 The Author(s). Published by Informa UK Limited, trading as Taylor & Francis Group



Published online: 22 Feb 2021.



Submit your article to this journal 



Article views: 232



View related articles 



View Crossmark data 

Kontinuitet eller brot? Geografi i grunnskulen etter ‘fagfornyinga’ 2020

Per Jarle Sætre

Høgskulen på Vestlandet, Sogndal, Norway

ABSTRACT

I den nye læreplanen ‘fagfornyinga’ frå 2020 er geografi ikkje lengre synleg som eige fag eller eige hovudområde i fag, men kompetansemål ein kan knyte til geografi, inngår i ein temabasert læreplan. Denne artikkelen ser dette i lys av tidlegare generasjonar av læreplanar tilbake til den første læreplanen i geografi frå 1889, og viser at det mest vanlege er at faget har hatt ein sjølvstendig plass enten som eige fag eller fagleg hovudområde i samfunnsfag. Vidare går artikkelen inn på fagleg innhald i læreplanane og knyter dette opp mot fem tradisjonar i geograffaget som romleg tradisjon, regional tradisjon, menneske-miljø tradisjon, naturgeografisk tradisjon og samfunnsgeografisk tradisjon, og viser at det i læreplanen frå 2020 både er kontinuitet og brot i forhold til tidlegare læreplanar.



ARTICLE HISTORY

Received 9 June 2020

Accepted 29 January 2021

EDITORS

Jon Paschen Knudsen

KEYWORDS

fagfornyinga,
geografiundervisning,
læreplanar, skolegeografi

Sætre, P.J. 2021. Kontinuitet eller brot? Geografi i grunnskulen etter ‘fagfornyinga’ 2020. *Norsk Geografisk Tidsskrift–Norwegian Journal of Geography* Vol. 75, 114–121. ISSN 0029-1951.

Skulegeografi og læreplanar

Geografiundervisninga har lange tradisjonar i norsk folkeskule/grunnskule. Representerer læreplanen frå 2020 ((Utdanningsdirektoratet 2020a), den sokalla ‘fagfornyinga’, kontinuitet eller brot i forhold til geografi i tidlegare læreplanar for folkeskulen/grunnskulen? For å svare på det vil eg sjå på tidlegare læreplanar i geografi og læreplanar der geografi er ein del av andre fagkonstellasjonar.

Undersøkinga er ein læreplanstudie og tar for seg det Goodlad & Ammons (1979) kallar den formelle læreplanen, som er læreplanen slik den er vedtatt av myndighetene. Utgangspunktet for studien er ein analyse av læreplanane i perioden frå den første folkeskuleplanen i 1889 (Kirke- og Undervisningsdepartementet 1889) fram til ‘fagfornyinga’ i 2020. Læreplanane er ulike i omfang og korleis dei er utforma, men skilnaden er ikkje større enn at ein kan tolke desse i høve til dei same kriterium. Artikkelen bygger i så måte på kvalitativ forsking gjennom dokumentanalyse. I dokumentanalyse blir det skrivne innhaldet tolka ut frå angjevne

kriterium (Tjora 2010). Kriteria her er knytt til korleis geograffaget har vore organisert og til tradisjonar for innhald i faget. I analysen av organisering har eg undersøkt om geografi i grunnskulen har vore eit sjølvstendig fag eller om geografiske emne er ein del av eit fellesfag kor fleire fag inngår. I analysen av innhald har eg tatt utgangspunkt i ei inndeling i fire tradisjonar i geograffaget som: romleg tradisjon, regional tradisjon, menneske-miljø tradisjon og naturgeografisk tradisjon (Kristensen et al. 2011). I tillegg har eg tatt med ein femte tradisjon; den samfunnsgeografiske tradisjonen.

Læring basert på fag eller tema

På den eine sida blir faga sett på som noko som splittar verkelegheita og gjer læring overflatisk, på den andre sida blir faga sett på som reiskap til å forstå verda. Innvendinga mot fag i skulen er at faga representerer eit oppsplitta bilet av verkelegheita, og at elevane difor må konsentrere seg mot for mange kompetanse-mål. Det vert hevdta at elevane lærer betre ved å jobbe

temabasert på tvers av faga, og at ein då får betre innsikt og moglegheiter for djupnelærer. Dette synet var sentralt i høve til den siste læreplanreforma ‘fagfornyinga’ 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a), og vart sterkt understreka i forarbeida til læreplanreforma gjennom det sokalla ‘Ludvigsenutvalet’ (NOU 2015:8).

På den andre sida har faga sin positive verdi i ein læringssamanheng blitt understreka av fleire sentrale læringssteoretikarar. Det sentrale er at faga er med og strukturerer verkelegheita. Ifølge Klafki sin teori om kategorial danning tileignar barnet seg viten gjennom å bruke kategoriar som hjelper barnet til å forstå omverda og samtidig gjere seg forstått i forhold til omverda (Klafki 2001). Dei fagdidaktiske oppgåvene går ut på å finne nyttige kategoriar eller omgrep innanfor sitt fagområde som kan vere tydelege døme på kategoriar. Bruner (1975) legg også vekt på at ein lærer gjennom å oppdage faga sine strukturar. For at elevane skal meistre desse strukturane må det skje ein kontinuerlig utdjuping gjennom heile skulegangen ved at ein bruker ideane fra dei heilt grunnleggande forbindelsane og gradvis bygger dette ut i meir komplekse forhold.

Dewey (2000 [1902]) hevdar at faga abstraherer og analyserer eit bestemt sett av kunnskap frå ein bestemt synsvinkel, men også at faga er utvikla over tid og at dei er eit samla resultat av det generasjonar har utprøvd. Dei er ikkje framlagd som ein bunke av åtskilde erfarringsstumpar, men på ein organisert og systematisert måte.

Geografi i læreplanane for folkeskulen/grunnskulen

Eg vil ta for meg korleis geografiske emne har vore organisert i dei forskjellige læreplanane. Geografiske emne er i denne samanhengen emne i læreplanane som er knytte til læringsmål med eit geografisk perspektiv. Geografiske emne kan vere med i læreplanen, ikkje berre når geografi er eige fag, men dei kan også inngå som ein del av breiare orienterte fellesfag, som er bygd opp omkring tema.

Eg har tatt utgangspunkt i læreplanane frå den første obligatoriske læreplanen for folkeskulen frå 1889 fram (Kirke- og Undervisningsdepartementet 1889) til og med den nye læreplanen som gjeld frå hausten 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a). Læreplanen frå 2013 (Utdanningsdirektoratet 2013) er ein revisjon av læreplanen frå 2006. Kriterium for inndeling i kategoriar er: om geografi er eit eige fag, om geografi er eit fagleg hovudområde i faget samfunnsfag, om geografiske emne er ein del av eit breitt orientert tematisk fellesfag frå 1. – 3. klasse eller frå 1. – 6. klasse, om geografiske emne inngår i eit temaorientert samfunnsfag, eller om geografiske emne inngår i eit temaorientert samfunnsfag og naturfag. Tabell 1 viser ein oversikt over dette.

Geografi har vore eit eige fag i folkeskule/grunnskule berre i den første læreplanen frå 1889 (Kirke- og Undervisningsdepartementet 1889), og i læreplanen frå 1939 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1939) i 4. – 7. klasse. Desse to læreplanane tok utgangspunkt i 7-årige folkeskule. Sjølv om geografi etter 1974-læreplanen (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974) ikkje har vore eige fag i skulen, har geografi likevel vore godt synleg som fag, på same måte som historie og samfunnuskunnskap. Geografi har vore fagleg hovudområde i læreplanen for samfunnsfag frå 1974 i 4. – 9. klasse (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974), i læreplanen frå 1997 (Kyrkje- utdanning- og forskningsdepartementet 1997), og i læreplanen frå 2006 (Utdanningsdirektoratet 2013). I desse læreplanane er faga framheva som sjølvstendige delar av samfunnsfag med ein tydeleg fagleg forankring og fagleg prosesjon.

Geografi har i læreplanane frå 1939 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1939) og 1974 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974) vore ein del av fellesfaget heimstadlære i barneskulen for klassetrinn 1–3. Læreplanen i heimstadlære var bygd opp kring tema. Heimstadlæra tok utgangspunkt i barnet sitt nærmiljø og hadde fagleg forankring i samfunnsfaga og naturfaga.

Læreplanen frå 1987 bestod av tematiske hovudemne som var bygde opp av delemne. Delemlna konkretiserte

Tabell 1. Geografi i læreplanar for folkeskulen/grunnskulen sortert etter år og kategori

Læreplan	1889	1939	1974	1987	1997	2013 (revisjon av læreplanen frå 2006)	2020
Eige fag	geografi 1–7	geografi 4–7	–	–	–	–	–
Del av temaorientert fellesfag 1–3 eller 1–6	–	heim- stadlære 1– 3	heim-stadlære 1–3	o-fag 1–6	–	–	–
Geografi fagleg hovud- område i samfunnsfag	–	–	samfunnsfag 4–9	–	samfunnsfag 1–10	samfunnsfag 1–10	–
Tema-orientert samfunnsfag	–	–	–	samfunnsfag 7–9	–	–	–
Tema-orientert samfunnsfag og naturfag	–	–	–	–	–	–	samfunnsfag og naturfag 1–10

hovudemna (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1987). Dei gav oversyn over lærestoff som elevane skulle arbeide med, gjennom sokalla lokale læreplanar som lærarane utarbeidde (Engelsen 2015). I læreplanen frå 1987 var geografi ein del av eit felles o-fag (orienteringsfag) frå 1. til 6. klasse. O-faget tok utgangspunkt i tema og var eit breitt orientert fellesfag med faglege element både frå samfunnsfaga og frå naturfaga. På ungdomstrinnet i 7. – 9. klasse var geografi ikkje direkte synleg som eige fag eller som hovudområde i fag i læreplanen i samfunnsfag. Denne læreplanen var temabasert. Planen var likevel lagd opp på ein slik måte at det faglege perspektivet var synleg i dei forskjellige temaene, og tema ein kan knytte til geografi inngjekk i det temabaserte samfunnsfaget.

I læreplanen frå 2020 er geografi heller ikkje synleg som eige fag eller hovudområde i fag (Utdanningsdirektoratet 2020a). Kompetansemåla i læreplanen er temabaserte. Antal kompetansemål er sterkt redusert i læreplanen for samfunnsfag i høve til tidlegare læreplanar, men nokre kompetansemål på kvart trinn kan ein tolke til å ha eit geografisk perspektiv (Utdanningsdirektoratet 2020b). Sentrale kompetansemål i naturgeografi, som dei indre og ytre kreftene på jorda, er også flytta frå samfunnsfaget til naturfaget (Utdanningsdirektoratet 2020c). Læreplanen skil seg også frå tidlegare læreplanar ved at det er ein omfattande overordna del der kjernelement i samfunnsfaget og tverrfaglege emne i samfunnsfaget er beskrive. Ein annan forskjell er at på kvart hovudtrinn er kompetansemål knytte til eigne avsnitt om undervegsvurdering.

Denne gjennomgangen viser at hovudtendensen i folkeskulen/ grunnskulen er at geografi har vore eit eige fag, eller at det har hatt ein sjølvstendig plass som eit fagleg hovudområde i eit felles samfunnsfag. Samstundes er det likevel fleire døme på at geografiske emne inngår i eit tematisk oppbygd fellesfag. Hovudsakleg gjeld dette på barnetrinnet klassetrinn 1 til 3, der geografi i tre læreplanar før 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a; 2020b; 2020c) inngår som ein del av eit breiare fellesfag. Når det gjeld mellomtrinnet og ungdomsskuletrinnet, har det berre skjedd ein gong før læreplanen frå 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a), i læreplanen frå 1987 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1987), at geografi har vore knytt til ein læreplan som er bygd opp omkring tema. Eg vil vidare sjå meir på innhaldet i dei forskjellige læreplanane og undersøke korleis ein har tatt med sentrale faglege tradisjonar i geografifaget.

Faglege tradisjonar i geografi som skulefag

Geografi har lange tradisjonar som fag i skulen. For å beskrive innhaldet i skulefaget geografi i folkeskule/grunnskule

tar eg utgangspunkt i den danske læreboka *Geografiundervisning Fagdidaktisk grundbog* der det vert hevd at geografifaget i skulen kan knytast til fire tradisjonar (Kristensen et al. 2011). Dei fire tradisjonane er: den romlege tradisjonen, den regionale tradisjonen, menneske-miljø tradisjonen og den naturgeografiske tradisjonen. Dei forskjellige tradisjonane grip inn i kvarandre.

Denne inndelinga har utgangspunkt i den kjende artikkelen 'The four tradition of geography' av den amerikanske geografen Pattison (1964). Denne artikkelen tok for seg breidda i faget slik det framstod i skule og på universitetet. Ifølgje den amerikanske geografen Rosenberg (2019) er Pattison si inndeling like aktuell i dag.

Forenklinga av geografifaget kan sjølv sagt diskuterast. Ein kan hevde at forenklinga ikkje får fram heile faget. I denne analysen vil eg legge til ein kategori for samfunnsgeografi. Det er naturleg når naturgeografi har ein eigen kategori. Denne kategorien tar for seg samfunnsgeografiske emne som ikkje først og fremst kan knytast til samfunnsgeografi i den regionale tradisjonen eller menneske-miljø tradisjonen.

Den romlege tradisjonen

Denne tar utgangspunkt i at ein gjennom geografi arbeider med romlege tilhøve på forskjellige geografiske nivå. Ein arbeider med utbreiing, mønstre og bevegelsar på jordoverflata og samanhengen mellom desse. Kristensen et al. (2011) knyter dette til at undervisninga i ein skulesamanhang ofte dreier om arbeid med kart. Elevane arbeider med kart over nære og fjerne område. Mellom anna vert det arbeidd med å innarbeide korrekt avstand i skalaforhold og korrekt orientering.

I alle læreplanane har kartet vore sentralt lærestoff i geografi, både når faget framstår som eige fag eller når geografiske emne inngår i eit temabasert tverrfagleg fag. I læreplanen i geografi frå 1889 er kartlære sentralt med vekt på norgeskartet (Kirke- og Undervisningsdepartementet 1889). I 1939-læreplanen er kartlære både ein del av heimstadlæra i klassetrinn 1–3 kor emne i geografi inngår, og i klassetrinn 4–7 kor geografifaget er sjølvstendig (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1939). I læreplanen frå 1974 er kartlære ein del av heimstadlæra på 1. – 3. klassetrinn, og emne i hovudområdet geografi i læreplanen i samfunnsfag for klassetrinn 4–6 og for klassetrinn 7–9 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974). I læreplanen frå 1987 er kartlære med som ein del av o-faget, både i 1. – 3. klassetrinn og 4. – 6. klassetrinn, og som ein del av eit tverrfagleg tematisk orientert samfunnsfag i klassetrinn 7–9 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1987). For læreplanane frå 1997 (Kyrkje- utdanning- og forskningsdepartementet 1997) og 2006 (Utdanningsdirektoratet 2013) er kartlære sentralt i hovudområdet

geografi både på barnetrinnet 1–4, mellomtrinnet 5–7, og på ungdomstrinnet 8–10. I læreplanen frå 2020 er kartlære sentralt på barnetrinnet etter 2. klassesetrinn og etter 4. klassesetrinn (Utdanningsdirektoratet 2020a). Til dømes skal ein etter 2. klassesetrinn ‘samtale om korleis ulike kjelder, inkludert kart, kan gi informasjon om samfunnsfaglege spørsmål’ (Utdanningsdirektoratet 2020b, 6).

Læreplanen frå 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a) skil seg likevel ut fordi kartlære ikkje er med som eige kompetanse mål på mellomtrinnet eller ungdomstrinnet, som i dei tidlegare læreplanane. På den andre sida er det langt færre kompetanse mål i 2020-planen enn tidlegare, og det kan godt tenkast at ein kan knyte kart til andre typar læringsmål, til dømes i tilknyting til kjernelementet ‘undring og utforsking’ der ein skal innhente og bruke informasjon frå ulike typar historiske, geografiske og samfunnskunnskaplege kjelder. Her kan ein tenkje seg at kartet vert sentralt. Hovudtendensen her er difor ein kontinuitet frå dei fyrste læreplanane til og med ‘fagfornyinga 2020’.

Den regionale tradisjonen

Mykje av undervisninga i geografi har ofte vore knytt til undervisning om regionar. Dette kan vere heimstaden, nære eller fjerne nasjonalstatar eller regionar i forskjellig skala. Tradisjonelt knyter ein undervisning til alle forhold som høyrer med til ei grunnleggande beskriving av regionen (Kristensen et al. 2011).

Det regionale perspektivet har også vore til stades i alle læreplanane. I læreplanen frå 1889 (Kirke- og Undervisningsdepartementet 1889) skal ein få eit geografisk oversyn over Noreg, Europa og Nord-Amerika. I læreplanen frå 1939 er kjennskap til geografiske tilhøve på heimstaden sentralt i heimstadsrå (Kyrke- og Undervisningsdepartementet 1939). I læreplanen i geografi frå 1939 er regional geografi delt inn i forskjellige nivå. Det som er mest sentralt er kjennskap til fedrelandet, så til dei nordiske landa, vidare til dei andre europeiske landa, og til slutt dei andre verdsdelane. I læreplanen frå 1974 er også kjennskap til geografiske tilhøve på heimstaden sentralt i heimstadsrå (Kyrke- og Undervisningsdepartementet 1974). Det regionale perspektivet er viktig i geografidelen i læreplanen for samfunnsfag. Læreplanen legg opp til regionalgeografi med utgangspunkt i Noreg, vidare Norden og Europa elles. Utanfor Europa skal ein ta utgangspunkt i miljø som kan belyse livet i dei ulike klimasonene.

I læreplanen frå 1987 er ‘Noreg og Norden’ eit hovudområde i o-faget (Kyrke- og Undervisningsdepartementet 1987). Undervisninga tek utgangspunkt i nærmiljøet og heimkommunen, og skal danne grunnlag for vidare arbeid med andre område i Noreg, som fylke

og landsdelar. I samfunnsfag er ‘Europa’ eit hovudemne som skal gje elevane kunnskap om utvalde regionar og land i Europa, og i hovudemnet ‘verda utanfor Europa’ skal elevane få kunnskap om dei ulike verdsdelane og eit utval av land og regionar.

I læreplanen frå 1997 skal elevane på barnetrinnet lære seg å kjenne dei nære omgivnadene sine (Kyrke-utdanning- og forskningsdepartementet 1997). Dei skal etter kvart også lære om folk og geografiske tilhøve både i Noreg, Europa og andre verdsdelar. På mellomsteget skal ein arbeide med landa i Norden og eit utval land frå andre delar av Europa. I ungdomsskulen skal ein utvikle oversikt over dei geografiske hovuddraga i Europa og i utvalde land frå verdsdelane Nord-Amerika, Asia og Oseania.

I læreplanen frå 2006 (Utdanningsdirektoratet 2013) skal ein på barnetrinnet lære å kjenne heimpllassen og samanlikne liv og virke i Noreg og i nokre andre land. På mellomtrinnet skal ein samanlikne likskap og skilnader mellom land i Europa og land i andre verdsdelar. På ungdomstrinnet skal ein lokalisere og dokumentere oversikt over geografiske hovudtrekk i verda og samanlikne ulike land og regionar.

Samanlikna med dei tidlegare læreplanane er det forholdsvis få kompetanse mål i læreplanen frå 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a) som ein kan tolke til å ha eit regionalgeografisk perspektiv, men ein kan knyte nokre kompetanse mål også i denne læreplanen til ein regional tradisjon i geografifaget. Etter 2. klassesetrinn skal ein utforske og beskrive kulturminne og kultur- og naturlandskapet i nærmiljøet. Etter 4. klassesetrinn skal ein beskrive kultur- og naturlandskap i Noreg. Etter 7. klassesetrinn skal ein ‘beskrive geografiske hovudtrekk i ulike delar av verda og reflektere over korleis desse hovudtrekka påverkar menneska som bur der’ (Utdanningsdirektoratet 2020b, 7).

Noreg er det einaste geografiske stednamnet som er nemnd i læreplanen frå 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a). Andre land og verdsdelar er ikkje nemnd med namn i læreplanen. Det blir opp til læraren å velje. Også i dei tidlegare læreplanane frå 1997 (Kyrke- utdanning- og forskningsdepartementet 1997) og frå 2006 (Utdanningsdirektoratet 2013) har det vore mogleg å velje, men Europa har vore nemnd med namn. Samanliknar ein regionalgeografiske emne i læreplanen frå 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a) med dei tidlegare læreplanane, ser ein at hovudbildet er kontinuitet ved at ein skal lære og kjenne nærmiljøet, Noreg og vidare ut i verda.

Menneske-miljø tradisjonen

menneske-miljø tradisjonen handlar om tilhøve mellom mennesket og natur og mennesket si utnytting

av naturgrunnlaget. I den samanhengen er miljøet ein viktig dimensjon i geografifaget. Etter kvart er omgrepet ‘berekraft’ tatt i bruk i skulefaget (Kristensen et al. 2011).

I den fyrste læreplanen frå 1889 (Kirke- og Undervisningsdepartementet 1889) var ikkje menneske-miljø tradisjonen enno ein del av geografifaget, men allereie i læreplanen i geografi frå 1939 er der målsettingar som bygger opp under ein miljøtradisjon der ‘arbeidet med faget skal fremja sansen til elevane for naturen og hjelpa dei til å skjøna samanhengen mellom dei geografiske tilhøva og menneskelivet’ (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1939, 97). I læreplanen frå 1974 er ein enda meir kritisk til mennesket si utnytting av naturgrunnlaget (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974). For ungdomstrinnet er ei målsetting i samfunnsfag i hovudområdet geografi at ‘det bør pekes på de skadevirkningene som ukontrollert utnytting av naturen kan føre med seg. En bør drøfte hva som er gjort, og hva som på lengre sikt kan gjøres for å minske ødeleggende virkninger av industrialiseringa’ (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974, 178–179). I læreplanen frå 1987 er der fleire målsettingar som ein kan knyte til menneske-miljø tradisjonen i geografi (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1987). I o-faget er ein fornuftig ressursbruk ein viktig del av hovudemnet ‘ressursar og næringsliv’. I samfunnsfag har ein hovudemnet ‘natur, menneske og ressursar’. Emnet tar for seg bruk av naturgrunnlag og naturressursar i tillegg til naturvern.

I læreplanen frå 1997 (Kyrkje- utdanning- og forskningsdepartementet 1997) er der fleire læringsmål ein kan knyte til menneske-miljø tradisjonen i geografi både på mellomtrinnet og på ungdomstrinnet. På ungdomstrinnet skal ein:

- øve seg i å sjå samanhengar mellom natur og samfunn, utvikle innsikt i at menneske er avhengig av naturgrunnlaget og korleis menneska påverkar og endrar det. Gjere seg kjende med debatten om og få høve til å avklare eigne haldningar til desse spørsmåla. (Kyrkje-utdanning- og forskningsdepartementet 1997, 185)

I læreplanen frå 2006 (Utdanningsdirektoratet 2013) er miljødimensjonen sentral både på mellomtrinnet og på ungdomstrinnet. På ungdomstrinnet blir omgrepet berekraftig utvikling nemnd i samanheng med geografifaget og eleven skal ‘undersøkje korleis menneske gjer seg nytte av naturgrunnlaget, andre ressursar og teknologi i Noreg og i andre land i verda og drøfte premissar for berekraftig utvikling’ (Utdanningsdirektoratet 2013, 8).

I læreplanen frå 2020 er miljødimensjonen og berekraftig utvikling noko av det mest sentrale i samfunnsfaget (Utdanningsdirektoratet 2020a). Faget har kompetansemål som kan knytast direkte til berekraftig

utvikling både etter 2. trinn, 4. trinn, 7. trinn og 10. trinn. Mellom anna skal ein etter 10. trinn ‘beskrive ulike dimensjonar ved berekraftig utvikling og korleis dei påverkar kvarandre, og presentere tiltak for eit meir berekraftig samfunn.’

Desse kompetansemåla er i liten grad i læreplanen direkte knytte til geografi, men kompetansemåla har ein høg relevans for geografifaget. I tillegg har ein fått nye typar overordna læringsmål der ‘berekraftig samfunn’ er eit av samfunnsfaget sine fem kjernelement, og samfunnsfaget skal også bidra til tverrfagleg undervisning om ‘berekraftig utvikling’. Hovudtendens her er kontinuitet i læreplanane tilbake til læreplanen frå 1939 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1939).

Den naturgeografiske tradisjonen

Den naturgeografiske tradisjonen kan ein knyte til lærestoff om dei indre kreftene som vulkanar og jordskjelv, og ytre krefter som utvikling av naturlandskapet, men også meteorologi og klimatologi er ein del av dette (Kristensen et al. 2011).

1889-læreplanen for folkeskulen hadde ikkje med læringsmål knytt til naturgeografi (Kirke- og Undervisningsdepartementet 1889). Først frå læreplanen 1939 har ein tydlege kompetansemål knytt til naturgeografi (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1939). Geografiplanen har kompetansemål knytte til ‘noko kjennskap til fysisk og matematisk geografi særleg det som er grunnlaget for dei viktigaste geografiske ovringer t.d. årstider, dag og natt, soner, ymse slag verlag (klimatypar osb.)’ (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1939, 96). Indre og ytre krefter på jorda er her ikkje nemnde, men kan vere aktuelt lærestoff slik kompetansemålet er utforma. I læreplanen frå 1974 skal ein i ungdomsskulen ta for seg indre og ytre krefter og klima (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974). I læreplanen frå 1987 har o-faget hovudemnet ‘verda rundt oss’ (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1987). Det er bygd opp mellom anna av delemna ‘vær og klima’, ‘jordkula’, og ‘verdsbilete’. Delemlna er temabaserte og ingen fag er nemnd, men fleire av delemna kan ein knyte til naturgeografiske emne. Samfunnsfaget i læreplanen frå 1987 har hovudemnet ‘natur, menneske og ressursar’, som består mellom anna av delemna ‘jorda og universet’ og ‘utvikling av landskap og naturmiljø’.

I læreplanen frå 1997 er det naturgeografiske kompetansemål både for barnefotinnet, mellomtrinnet og ungdomstrinnet, både om vær og klima og om indre og ytre krefter på jorda (Kyrkje- utdanning- og forskningsdepartementet 1997). I læreplanen frå 2006 (Utdanningsdirektoratet 2013) har ein kompetansemål

knytte til danning av landskapsformer både på barne- trinnet og mellomtrinnet, og på ungdomstrinnet har ein målsettingar knytte til kunnskap om indre og ytre krefter på jorda.

I læreplanen frå 2020 er det i samfunnsfaget ikkje kompetanse- mål knytte til å lære om naturgeografi (Utdanningsdirektoratet 2020a). Kompetanse- måla for naturgeografi er i denne planen flytta frå samfunnsfag- planen til læreplan for naturfag. Naturfagplanen er også temabasert på same måte som samfunnsfagplanen. Læringsmål i naturfagplanen etter 7. klasse ‘Gjøre rede for hvordan det geologiske kretsløpet, platetektonikk og ytre krefter er med på å forme og endre ulike land- skap’ (Utdanningsdirektoratet 2020c, 9). Etter 10. klasse skal ein ‘bruke platetektonikkteorien til å forklare jordas utvikling over tid og gi eksempler på observasjoner som støtter teorien’ (Utdanningsdirektoratet 2020c, 10).

I forhold til den naturgeografiske tradisjonen i geografi representerer læreplanen frå 2020 (Utdannings- direktoratet 2020a) eit klart brot i høve til tidlegare læreplanar der naturgeografi har vore ein sentral del av geografifaget i skulen.

Den samfunnsgeografiske tradisjonen

Samfunnsgeografi kan knytast til den regionale tradisjo- nen og menneske-miljø tradisjonen men det er nødvendig at samfunnsgeografi får ein eigen kategori som tar for seg samfunnsgesografisk innhald utover desse to tradisjonane.

Til den samfunnsgeografiske tradisjonen knyter eg primær-, sekundær- og tertiærnæringer, handel, forskjell på i-land og u-land, migrasjonar og demografi. Desse samfunnsgeografiske emna var ikkje tatt med i dei to første læreplanane frå 1889 (Kirke- og Undervisningsdepartementet 1889) og 1939 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1939). Fyrst i læreplanen frå 1974 kan ein identifisere samfunnsgeografiske emne. I den læreplanen skulle ein mellom anna belyse ‘ulike sider ved Norges økonomi og Norges plass i verdensøkonomien’ (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974, 178). Eleven skulle arbeide med ‘befolkningsproblemer’ og ein skulle også ‘ta for seg ulikhetene mellom industriland og utviklingsland’ (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974, 178). Dette er emne som vert vidareførd i læreplanane frå 1987 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1987) og frå 1997 (Kyrkje- utdanning- og forskningsdepartemen- tet 1997).

I læreplanen frå 2006 skal ein (etter 7. klasse) ‘registrere flyktningstraumar, forklare kvifor somme rømmer frå heimlandet sitt, og drøfte korleis det kan vere å kome til eit framandt land som flyktning’ (Utdanningsdirektoratet 2013, 6). Etter 10. klasse skal ein ‘samanlikne storleik,

struktur og vekst i befolkningar og analysere befolkningsutvikling, urbanisering og flytting i nyare tid’ og ‘kartleggje variasjonar i levekår i ulike delar av verda’ (Utdanningsdirektoratet 2013, 8), samt ‘forklare dei store skilnadene mellom fattige og rike og drøfte tiltak for jamnare fordeling’ (Utdanningsdirektoratet 2013, 8).

Læreplanen ‘fagfornyinga’ frå 2020 har få formuleringar knytte til samfunnsgeografi (Utdanningsdirektoratet 2020a). Ei tolking kan vere at det samfunnsgeografiske perspektivet er svekka i denne læreplanen. På den andre sida er det som kjenneteiknar ‘fagfornyinga’ 2020 færre og meir opne kompetanse- mål. Ein kompetanse- mål ein kan knyte til fleire samfunnsgeo- grafiske emne, er etter 10. klasse ‘samanlikne korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levekår, busettingsmønsterert og demografi i forskjellige delar av verda i dag’ (Utdanningsdirektoratet 2020b, 11). Ein kan likevel hevde at få målsettingar i samfunns- geografi i denne læreplanen representerer eit brot på læreplantradisjonen tilbake til læreplanen frå 1974 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974).

Konklusjon: representerer læreplanen brot eller kontinuitet?

Representerer læreplanen ‘fagfornyinga’ 2020 (Utdan- ningsdirektoratet 2020a) brot eller kontinuitet for geo- grafi i grunnskulen? For å svare på det har eg gjennomgått dei forskjellige læreplanane for folkeskulen/grunnskulen. Eg har vist at geografifaget i folkeskulen/grunnskulen opp gjennom historia hovudsakleg har vore eit sjølvstendig fag eller det har vore eit eige fagleg hovudområde i læreplanen for samfunnsfag. Eg har òg vist at geografisk lærestoff i nokre læreplanar har vore knytt til tema. Temaorganiseringa gjeld hovudsakleg barnetrinnet. For mellomtrinnet og ungdomstrinnet har ein berre eit gong tidlegare, i læreplanane frå 1987 (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1987), organisert innhaldet etter tema. Ein kan difor hevde at den sterke temaorganiseringa av samfunnsfaget etter ‘fagfornyinga’ 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a) er eit brot med fagorienteringa som har vore eit hoved- trend som ein har hatt i dei fleste læreplanane sidan den første læreplanen frå 1889 (Kirke- og Undervis- ningsdepartementet 1889).

Det har også vore ei endring i utforminga av lærepla- nane. Ein har gått frå å vektlegge kunnskapsområde og emne til å vektlegge kva for ferdigheiter ein skal oppnå. ‘Fagfornyinga’ 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a) har ferdigheitsbaserte læringsmål, men det hadde også lære- planane frå 1997 (Kyrkje- utdanning- og forskningsdepartementet 1997) og 2006 (Utdanningsdirektoratet 2013).

Eg har vist at innhaldet i geografifaget opp gjennom historia har mange likskapstrekk sjølv om organiseringa har vore forskjellig. I høve til fem tradisjonar i geografi – romleg tradisjon, regional tradisjon, menneske-miljø tradisjonen, naturgeografisk tradisjon, og samfunnsgeografisk tradisjon – representerer tema i samfunnsfaget i læreplanen frå 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a) ein kontinuitet i høve til dei tre fyrste tradisjonane. Den romlege tradisjonen er vidareførd gjennom at kartet er sentralt i læreplanen. Den regionale tradisjonen blir også vidareførd, sjølv om Noreg er det einaste stadnamnet i læreplanen. Miljøtradisjonen med utdanning for berekraftig utvikling er vidareførd og sterkare understreka i denne planen enn i dei føregåande læreplanane.

Den samfunnsgeografiske tradisjonen er truleg svekka i og med at det er få læringsmål som ein direkte kan knyte til samfunnsgeografiske emne. På den andre sida er det formuleringar i kompetansemåla som ein kan tolke i retning av samfunnsgeografiske tema, slik at geografi ved lokale planar kan bli meir synleg. Få kompetansemål om samfunnsgeografi kan likevel føre til ei svekking av samfunnsgeografien i skulen.

Det største skiljet frå tidlegare er at den nye læreplanen for samfunnsfag frå 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020b) ikkje lengre har læringsmål som knyter geografi til sentrale emne i naturgeografi. Naturgeografi har vore sentralt i geografifaget i grunnskulen heilt tilbake til 1939-læreplanen (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1939), og frå 1974 har geografi med naturgeografi vore ein del av samfunnsfaget (Kyrkje- og Undervisningsdepartementet 1974). Det er ikkje sjølvsagt at skulefaget geografi blir rekna som eit samfunnsfag. I motsetnad til i Noreg og i Sverige der skulefaget geografi er rekna som eit samfunnsfag, er geografi rekna som eit naturfag både i grunnskulen i Danmark og i Finland. Geografifaget er no delt i grunnskulen i Noreg i og med at naturgeografien er flytta til læreplanen i naturfag. Læringsmåla blir altso vidareførde, men i ein annan fagleg samanheng enn tidlegare. Ein kan hevde at eit bortfall av naturgeografi frå geografi i samfunnsfaget i grunnskulen kan føre til ei svekking av forståinga av samanhengen mellom menneske og natur.

Samanliknar ein med geografi i vidaregåande skule, er naturgeografi der framleis ein sentral del av det sjølvstendige faget geografi. Naturgeografi var i dei fyrste utkasta til ny læreplan for geografi i vidaregåande skule også tatt vekk der. Mange geografilærarar i vidaregåande skule protesterte på dette i høyringsprosessen til læreplanen (Utdanningsdirektoratet 2020c). Etter høyringsrunden kom læringsmåla i naturgeografi inn igjen i den endelege læreplanen i geografi for vidaregåande skule.

Sjølv om innhald som kan knytast til geografi blir vidareført i dei tematiske lærermåla i samfunnsfag og

naturfag, vil det truleg vere ei utfordring at geografi ikkje lengre er eige fag, eller eit sjølvstendig hovudområde i eit fag, etter læreplanen frå 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a). Ifølgje sentrale pedagogiske tenkjarar som Klafki (2001), Bruner (1975) og Dewey (2000 [1902]) er det å lære seg eit fag ein måte å lære seg å sjå verda på. Gjennom å lære seg faga utviklar ein ifølgje Klafki (2001) kategoriar som ordnar tilværet. Bruner (1975) legg vekt på strukturar i faga som stillas for å tilegne seg ny kunnskap. Dewey (2000 [1902]) hevdar at faga gjennom organisering og systematisering over tid har utvikla viktig innfallportar til kunnskap. Gjennom å lære faga blir ny kunnskap plassert i ein samanheng.

Sjølv om læreplanen frå 2020 (Utdanningsdirektoratet 2020a) er basert på tema ser ein også verdien av eit fagleg perspektiv. I undervegsvurdering etter 10. klasse skal ein utforske og forklare ‘samanhang mellom historiske, geografiske og samfunnskunnskaplege aspekt ved faget’ (Utdanningsdirektoratet 2020b). For å oppnå kunnskap om ‘geografiske aspekt’ bør ein kjenne faget nok til å ha eit fagleg perspektiv. Det blir då ein utfordring for læraren å setje læringsmåla inn i ein fagleg ramme slik at ein balanserer læringsmåla som er basert på tema og eit fagleg perspektiv. I den samanheng er det viktig at dei komande lærarane får ei god innføring i geografifaget i lærarutdanninga, og at ein har gode lærermiddel til geografiundervisninga i skulen.

Referansar

- Bruner, J. 1975. *Om å lære*. Oslo: Dreyer.
- Dewey, J. 2000 [1902]. *Barnet og læreplanen*. Illeris, K. (red.) *Tekster om læring*, 120–133. Roskilde: Roskilde Universitetsforlag.
- Engelsen, B.U. 2015. *Skolefag i læreplanreformer 1939-2013*. Oslo: Gyldendal.
- Goodlad, J.I. & Ammons, M.P. 1979. *Curriculum Inquiry: The Study of Curriculum Practice*. New York: McGraw-Hill.
- Kirke- og Undervisningsdepartementet. 1889. *Landsskoleloven af 26de Juni 1889*. <https://www.nb.no/items/e012b36179a2b62bd783a32fd5794ad7?searchText=> (nedlasta 26. november 2020).
- Klafki, W. 2001. *Dannelseteori og didaktikk*. Århus: Klim.
- Kristensen, P., Kjeldsen, N., Pedersen, O., Jørgensen, H.L. & Bruun, K. 2011. *Geografiundervisning Fagdidaktisk grundbog*. København: Geografforlaget.
- Kyrkje- og Undervisningsdepartementet. 1939. *Normalplan for landsfolkeskulen*. Oslo: Aschehoug.
- Kyrkje- og Undervisningsdepartementet. 1974. *Mønsterplan for grunnskulen*. Oslo: Aschehoug.
- Kyrkje- og Undervisningsdepartementet. 1987. *Mønsterplan for grunnskulen*. Oslo: Aschehoug.
- Kyrkje- utdanning- og forskningsdepartementet. 1997. *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*. [Oslo]: Nasjonalt lærermiddelsenter.

- NOU 2015:8. *Fremtidens Skole – Fornyelse av fag og kompetanser*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Pattison, W.D. 1964. The four traditions of geography. *Journal of Geography* 63(5), 211–216.
- Rosenberg, M. 2019. *The Four Tradition of Geography: William Pattison's Precepts Attempt to Define the World in Which We Live*. <https://www.thoughtco.com/four-traditions-of-geography-1435583> (nedlasta 3. mai 2020).
- Tjora, A. 2010. *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk.
- Utdanningsdirektoratet. 2013. *Læreplan i samfunnsvitenskap (SAF1-03)*. <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03> (nedlasta 1. april 2020).
- Utdanningsdirektoratet. 2020a. *Nye læreplaner – grunnskolen og gjennomgående fag vgo*. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/Nye-lareplaner-i-grunnskolen-og-gjennomgaende-fag-vgo/> (nedlasta 27. november 2020)
- Utdanningsdirektoratet. 2020b. *Læreplan i samfunnsvitenskap (SAF01-04)*. <http://www.udir.no/lk20/saf01-04> (nedlasta 1. april 2020).
- Utdanningsdirektoratet. 2020c. *Læreplan i naturfag (SAF01-04)*. <http://www.udir.no/lk20/nat01-04> (nedlasta 1. april 2020).